

Fitjar Kyrkjeblad

nr. 5 – oktober 2015 – 38. årgang



Lat borna koma

Frå gudstenesta med utdeling av "Mi kyrkjebok" til 4-åringane



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret

postboks 10,
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjevevje

Rydland, Harald 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest

Oma, Olav J. 906 38 825

olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog (vikar)

Johannes Olsen 913 61 574

jool@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aarskog, Torunn 404 04 146

Soknerådsbarnehage Styrar

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

bakken.barnehage@haugnett.no

Konfirmantlærarar

Fitjar kyrkjeblad

kontonr. 3546. 30.13568

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsarbeidet

kontonr. 3546.07.04195

Stien

I sommar laga eg ein sti i hagen. Meter for meter, hundremetrar vart til kilometer, og kilometer til mil, fram og tilbake. Det vart eit fint lite trakk, nesten 200 meter rundt.



Olav J. Oma

Det var så langt frå huset eg kom ei tid. Men så vart radiusen utvida, og turane gjekk lenger, og då eg skulle prøva hagestien igjen vart det tydeleg at ein sti som skal vera sti på ordentleg, den må brukast mykje, for i hagen var det ikkje lenger spor etter kilometrane frå i sommar.

Så vart orda frå salme 103 sanne:

*Som ein far er mild med sine born,
er Herren mild med dei som fryktar han.*

*For han veit korleis vi er skapte,
han kjem i hug at vi er støv.*

*Dagane mennesket får, er som gras,
det blømer som blomen på marka.*

*Når vinden fer over han, er han borte,
staden han stod på, veit ikkje lenger av han.*

*Men Herrens miskunn er frå æve til æve
over dei som fryktar han.*

Når vinden fer over han, er han borte, staden han stod på veit ikkje meir av han, står det. Eg veit kor eg gjekk, men med auge er det ikkje lenger mogeleg å ana kor stien gjekk. Men likevel Herrens miskunn varer. Den varer lenger enn blommar og gras, lengre enn stier, ja Guds godheit varer i all æve.

*Galleri
Flora as*



Opningstider:

Måndag - onsdag 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag 09.00 - 18.00

Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner

Min salme: «Glade jul»



Me treftest på Kafeen, der han rett som det er tar seg ein kopp kaffi eller kanskje middag.

Karvel Strømme

Leif Vestbøstad har førebudd seg, for han har tatt med seg salmeboka, men først pratar me litt om «gamle dagar». Han har alltid likt å syngja, og har sunge både i Fitjar songlag, med Karl Gloppen, og i Fitjar kammerkor, der Helge Haaland var dirigent. Før det kan han hugsar at det var song i heimen hans då han vaks opp. Han er ikkje så sikker på om broren Johannes song noko særleg, men han hugsar at andre broren, Anton, likte å syngja.

Så til salmen han har valt å presentera i «Min salme». Han spør om det går an å velja ein julesalme, og til det svarar eg sjølvsagt ja. Då er han ikkje i tvil: «Det må bli «Glade jul», den har eg alltid likt, og eg hugsar godt at den ofte vart sunge på julekonsertane då eg var i Fitjar Songlag. Det er med meg som med dei fleste av oss, at julesalmane kallar fram gode minne frå barndom og ungdom.»

Eg seier takk for praten til Leif, og han seier til slutt at han gler seg til å sjå resultatet i Kyrkjebladet.

*Glade jul, hellige jul!
Engler daler ned i skjul.
Hit de flyver med paradis grønt,
hvor de ser hva for Gud er skjønt.
Lønnlig i blant oss de går.
Lønnlig i blant oss de går.*

*Julefryd, evig fryd,
hellig sang med himmelsk lyd!
Det er engler som hyrdene så,
dengang Herren i krybben lå.
Evig er englenes sang.
Evig er englenes sang.*

*Fred på jord, fryd på jord,
Jesusbarnet i blant oss bor.
Engler synger om barnet så smukt,
han har himmeriks dør opplukt.
Salig er englenes sang.
Salig er englenes sang.*

*Salig fred, himmelsk fred,
toner julenatt herved.
Engler bringer til store og små
bud om ham som i krybben lå.
Fryd deg hver sjel han har frelst!
Fryd deg hver sjel han har frelst!*

Norsk salmebok 2013: nr 47
Tekst: B. S. Ingemann, Melodi: F. Gruber

Redaksjonelt

“Fitjar Kyrkjeblad”

er Fitjar sokneråd sitt
informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset
postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 30. november.
til kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad

kjem etter planen 10. desember. Har du tips, stoff eller bilete til
bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk: Prosjektkopi vest

”Med menneskeverd i sentrum”

Over 150 tilhørarar hadde benka seg i kyrkja denne kvelden for å oppleva Åshild Ulstrup, som trossa det ugjestmilde været for å gje oss glimt frå sine 40 år som journalist i NRK.

Anne Hardeland

Tittelen var «Livet og skuggen er sysken på jorda». Gjennom desse åra var ho mest oppteken av det vanlege livet som er unikt for kvar av oss. Ho ville pløya umerka løyper med bil og mikrofon på kryss og tvers i landet. Dei mange stemmene og historiene lever framleis i henne, og ho gav oss vakre forteljingar om menneska ho hadde møtt. Alt frå den gamle sjøkapteinen frå ei øy ved vestlandskysten, som flytta langt inn i Finnskogen med kona si. Etter berre to år der, døyde ho, og sjølv om han lengta tilbake til øya si og havet kvar dag, kunne han ikkje reisa heim, for han hadde lova kona på dødsleiet å halda grava hennar ved like. Så var det fiskaren Haldor Geitung som hadde angst i seg for havet, og venta på «den store bølga» som skulle komma og velta båten. Som fiskar hadde han berre seg sjølv å lita på mot naturkreftene. Han skreiv redsla av seg i vakre dikt og gav ut mange diktbøker. Om båtar og væremåtar, havet og vind og vær, men også om solnedgangar. Det letta på strevet og slitet å setja tankane sine ned på papiret.

Ulstrup hadde også kontakt med mange karar frå Sunnhordland. Ein av dei var fitjarordføraren Peder Nilsen Aga. Han hadde lett for å få sagt det han hadde på hjarta. Han var glad for å leva og vera til gagns, og det var viktig for folk å ta seg av foreldra sine. Då det i si tid vart snakka om samanslåing med Bømlø uttrykte bømloordføraren at han ikkje var interessert i å bu med originalar. Då kom det frå Nilsen Aga: «Skulle eg bli ein bømbling, har eg levd heilt forgieves». Han brukte også flittig dei gamle uttrykka «signe helgjo», «signe dagen», «signe arbeidet» og «om eg



leve». Også besto til Åshild brukte desse uttrykka. Når ho i helga kom inn med stiva kysa og tok ned rømmekodlo frå hylla, var det ei andaktsstund. Ho viste respekt for det som var gitt dei. Bestefaren var på stølen og henta ost og smør, tok på seg slips og takka for det som var produsert. Om søndagane sat besten og besto og heldt kvarandre i hendene og song salmar. Då Åshild kommenterte det, sa dei at hendene gjorde det av seg sjølv. Dei var blitt eitt.

Skogsarbeidaren Leif Bakke hadde aldri våga å stifta familie, då han ikkje hadde råd til å kjøpa ein gard. Som barn hadde han høyrte Caruso si englestemme på krystallapparatet. Når han ikkje gjorde lekser, høyrde han opera, og han høyrde læraren fortelja om den klassiske musikken i Europa. Han fortalde at han hadde ein draum: Å få sitja i Wien og oppleva ein konsert. 14 dagar etter at radioprogrammet var sendt, sat han på operaen i Wien som gjest, i tårer. Søskenparet Erling og Kjellaug Unnelid budde på ei fjellhülle ved Sognefjorden. Han var i bygda ein gong i året etter kaffi og mjøl. Alt anna produserte dei sjølv. Ho passa mora til ho døyde. Det vart stille på garden når dei gamle var borte, men Kjellaug hadde hatt ein kjærast på telefon i 7 år. Sjølv om dei berre hadde møttest ein gong, heldt denne

draumen henne levande. «Livet er berre eit liv. Me må finna oss til rette med det me har fått. Det er så kort, så kort»

Størst inntrykk gjorde møtet med uteliggjaren Torleif. Han fortalde om eit liv i elende, tidleg foreldrelaus, fødd i rennesteinen, 70 år og hjartesjuk utan tillit til nokon. Åshild Ulstrup fekk kontakt med han og inviterte han heim til seg, gav han mat og klede og samtala med han. Det var første gongen han var inne i ein heim. Då han skulle gå, snudde han i gangvegen og kom attende. Han ville gi noko tilbake. Blikket sitt. Og det blikket var ærleg, ikkje tjuven og lasaronen som hata alle. I botnen var barnet, det reine og uskuldige, den felles kjernen i oss. Ho opplevde det som den største gåva ho hadde fått, og eit uventa møte med seg sjølv.

Ho meiner det er mykje bak alle tause, norske mannfolk. Utruleg kva som ligg nedlåst i skuffer og skap. Ho er glad for å ha fått vera med å låsa opp. Oppsynsmannen på Snåsafjellet tok henne med på toppen

«Luresveisa», med 1000 år gamle furuer, der ein får ro til å nærma seg sjølv. Han sa ingenting, men tok av seg lua og vaks då han syntte henne dette sitt landskap. Det var den finaste naturskildringa ho har fått.

Det var ei rik oppleving å få fylgja Åshild Ulstrup gjennom fleire av hennar møte med ulike menneske. Ho ser det store i det me gjerne ikkje ser og formidlar det til oss med ei unik forteljarevne. Ho er oppteken av menneskeverdet, at me er like mykje verd om me er fødde på solsida eller ikkje. Ho viser oss takksemnda den eldre generasjonen hadde, den ro, stillhet, ærbødighet og tid som me no kanskje har mist noko av på veggen. Ho har ei spesiell evne til å lesa enkeltmenneske og formidlar samtaler dei imellom som berører sterkt. Ho er empatisk utan at det blir for mykje, og har ein varm måte å formidla på utan å bli sentimental.

Tusen takk for dette møtet med ei vever, vakker, levande og engasjert dame som også gav oss mykje å tenkja på.

Soknerådsvalet 14. september

Kring 540 røysteføre medlemmer nytta røysteretten ved soknerådsvalet. Det betyr at over 26 % av medlemmene røysta.

Tabellen viser resultatet etter kumuleringar.

Korleis det nye soknerådet blir sjåande ut, kjem vi attende til etter at rådet har konstituert seg seinare i haust.

	Namn	Stemmer	
1	Helga Olsen Aadland	748	
2	Rasmus Fitjar	676	
3	Gunnvald Aarbø	652	
4	Terje Havro	642	
5	Mette Lambach	632	
6	Bodil Nesse	625	
7	Sigrid Fangel	618	
8	Sindre Aarbø	608	
9	Peder Rygg Drønen	604	1. vara
10	Arne Prestbø	603	2. vara
11	Solveig Tverderøy	588	3. vara
12	Tove H. Løland Aarskog	579	4. vara

Kyrkja gjer me i lag



Foto: Torbjørn Hovland

Sjølvs om den nye kantoren vår, Jan Overweg, ikkje byrja i jobben før 1. oktober, var han i full gong med å visa fram orgelet til 4-åringane på undretur, då me møtte han i kyrkja for å få ein samtale med han.

Anne Hardeland

Overweg er oppvaksen i Nederland i ein kristen heim, der kyrkjegong og søndagsskule var fast innslag i heile barndommen. I skulen fekk han spela blokkfløyte og lærde notar, og etter eit år tok han til med orgel. På 70-talet kjøpte faren eit el-orgel til han, og han vart meir og meir oppteken av klassisk musikk. Etter kvart fekk han opplæring på kyrkjeorgel, og vart der anbefalt også å spela piano for teknikken sin del. Dette gjekk så bra at han også vart vikar og hjelpeorganist. 17 år gammal blei han tilsett som fast organist og spela kvar søndag til gudstenestene. No kom tanken om at kanskje det var musikk han skulle via livet sitt til, om mogleg som pedagog. Han kom inn på Musikkhøgskulen

og tok hovudfag i orgel, seinare også hovudfag i cembalo og barokkmusikk. I alle år etterpå har han spela orgel, i ulike kyrkjer og kyrkjesamfunn, også det katolske, og han har der fått innsikt i liturgi og tenkjemåte. Etter eit vikariat i musikkskulen i Tyskland, med 70 orgelelevar, kjende han at han heller ville vera musikar på full tid. Gjennom vener fekk han nyss om ledig organiststilling i Høyanger, og der vart han i 3 år. Så gjekk turen til ny jobb i Florø der han møtte kona si som var kapellan der. I 1995 flytta dei til Stord, og dei har tre barn. Kona Synnøve arbeider som familierapeut på familievernkantoret på Stord.

Den klassiske musikken er den som ligg Jan Overweg sitt hjarta nærast, men han kan ha glede av dei fleste typar musikk. «Om det ligg til rette for det, og ein opnar seg, kan ein bli gripen av alt», seier han. «I vår tid opplever me ofte musikk som eit bakteppe, t.d. i kjøpesentra der det kan vera plagsamt, og ein vert ikkje rørt av det. Også i kyrkja

kan musikken gå forbi ein, men så er det plutselig noko som tar deg, har ein misjon, blir lagt merke til.» Kantoren ønskjer bredde i musikken i kyrkja. Det er viktig at alle føler seg heime der, at også ungdom og born får plass med sin musikk. Han er oppteken av at kyrkja ikkje blir sett på som ein institusjon der dei tilsette gjer alt. Mottoet er: « Kyrkja gjer me i lag». «Kyrkjelyden skal vera ei gruppe, eit fellesskap der ein har eit godt samarbeid», meiner han, og han vil gjerne samarbeida med kulturskulen, skulekorpset, mannskoret, musikklaget og alle andre som kan bidra. Han opplever at Fitjar er ei bygd der folk er frimodige til å delta med det dei kan. Det synest han er svært positivt.

Det nye kyrkjekoret starta han med i august. No er det 24 medlemar og dei er godt i gong med å øva til første framføring som er Allehelgens-søndag 1. november. Dei skal også delta på julekonserten og 1.juledag. Overweg har eit veldig bra inntrykk av koret, det er ein fin gjeng. Framleis har dei bruk for fleire mannsstemmer. Denne hausten skal dei gjera sine erfaringar om kor dei skal leggja lista til våren. Det skal vera eit kor for alle, terskelen skal ikkje vera for høg, men han ventar ein viss lojalitet i oppmøte.

Den nye kantoren har ein forventning om at folk er aktive, at dei ser på seg sjølv som deltakarar ikkje som tilskodarar i kyrkjelege samanhengar. Ut frå det han har sett hittil, er det positivt i Fitjar. «Det vesentlege i gudstenesta er at me gjer noko i lag. Det er ikkje sjølvsgatt lenger. Me lever i ei tid der me vert underhaldne, er konsumentar på alle område. Heller ikkje i kyrkja må me berre setja oss ned, slappa av og ta imot, men delta i kristenlivet med aktiv handling», meiner han.

Jan Overweg er levande interessert i mange ting også utanom musikken. Han er oppteken av data, og har 20 % stilling i Stord innanfor dette feltet. Så fotografarer han, og er oppteken av hagearbeid som avkopling om sommaren. Han har mange ulike rosesortar



Foto: Torbjørn Hovland

i hagen, eit ynda motiv for bileta han tar. Biletbehandling er også ei interesse. Som hjå mange andre er det ei utfordring å få tid til alt han har ønskje om.

No gler han seg til å arbeida i Fitjar, ikkje minst når det nye orgelet kjem på plass. Noko som var ein stor motivasjon når han søkte seg hit. Me ønskjer han hjarteleg velkommen, og gler oss til samarbeidet med han. Me ser fram til å få oppleva fruktene av hans kunstnariske virke og allsidige musikkerfaring og kunnskapar! Og me ønskjer han lukke til med arbeidet i kyrkjelyden vår!



Foto: Anne Hardeland

Som skrevet står



Foto: Torbjørn Hovland

Forventninga var stor då den kjende skodespelaren Svein Tindberg vitja Fitjar søndag 6. september, for å ta oss med «bak kulissane» i arbeidet med dei tre einmannsframsyningane: Markusevangeliet, Apostlenes gjerninger og Abrahams barn.

Anne Hardeland

Han slo an tonen frå starten om at her skulle me kosa oss og «rista laus» i selskap med verda sine finaste tekstar. Framsyninga «Abrahams barn» vart til etter Bibelselskapet sin «sponsa» tur til Jerusalem, der jødedom, kristendom og islam møttest, med Ole Chr. Kvarme som guide for dei ti deltakarane. Me fekk levande skildringar av dei tre religionane sine ulike heilage stader. Også Babylon vart besøkt, der dei i si tid bygde Babels tårn og kjende seg uovervinnelege. Ville vera Gud lik. Men Gud straffa dei ved å forvirra språket deira. Hovmodet fekk den største straffa, mangel på kommunikasjon, noko som fører til krig og kaos – framleis den djupaste sanning. Her som gjennom heile kvelden, kom kostelege dramatiseringar som perler

på ei snor, med humor og varme som gjorde tekstane levande for oss.

Arbeidet med Markusevangeliet byrja då han skulle spela presten Johannes i «Ordet» av Kaj Munch. Tindberg hadde ingen spesiell religiøs bakgrunn, men sidan han alltid sette seg grundig inn i dei rollene han skulle spela, tok han kontakt med presten Per Arne Nordengen som delte med han av si tru og tvil. Etter kvart tok han til å Lesa i Bibelen. Samstundes ville han, saman med venen Kjetil Bang Hansen, forska i sine eigne val i livet. Dei las tekstane høgt for kvarandre, ikkje som teologi, men nærma seg med undring, ein barnleg naivitet i møtet med teksten. Sidan dei ikkje var oppvaksne i eit kristent miljø, hadde dei ingen nedarva meiningar om tyding og tonefall. Dei stilte seg spørsmål til tekstane, heile tida med fantasi og enkelhet som mål. Tindberg var oppteken av at dei ikkje treng å tolkast, dei i seg sjølv er betre enn forklaringa. Dei handlar ofte om enkle, kvardagslege ting som fisk og brød, og alle vert rørt ved det.

Å jobba med desse tekstane var eit hemmeleg prosjekt, utforsking av eige fag, og dei jobba med det i all si fritid utan tanke på at det skulle framførast. Etter 1.5 år nærma dei seg eit resultat, og tanken vaks fram om å framføra noko av dette, og spørsmålet vart: «Tør me stola på teksten?» «Hvis du er gal nok til å lære dette utenat, kan vi sette det opp», meinte Bang Hansen. Og slik vart det. Det dei hadde planlagt som ti forstillingar med toppen 100 menneske som tilskodarar, vart til 248 framsyningar med over 90 000 menneske. Den store suksessen vart også kjend i Sverige, og dei fekk førespurnad frå Dramaten om å oversenda manuskriptet. Stor var undringa då dei fekk vita at det var ordrett frå Markusevangeliet. Men det viser berre den fantastiske evna Tindberg har til å leva seg inn i historiene og personane han skal framstillja. Målet er å ikkje øydeleggja bileta me har i hovudet av dei, men framføra det enkelt og reint. Ingen har fasiten, ingen kan seia at det er rett eller feil. Han meiner teksten har ein god dramaturgi i seg sjølv. Ulike personlegdomar, spennande handling og oppbygging. Historia går ikkje alltid opp, det er mykje pussig, rart og komisk når ein går nærare inn i tekstane. Men så absurd er

livet – og det kjennest sant. Forteljinga om Peter er eit eksempel. Han er ein svikar. Han er redd, bommar og gjer alltid feil. Men han er den Jesus gir nøkkelen, og vil byggja sin klippe på. Han blir gitt den viktige jobben som døropnar. Ein stor og viktig tanke.

Innimellom innblikket han gav oss i korleis dei arbeida seg fram med tekstane, gav han oss også meisterlege glimt frå forestillingane. Det var stor skodespelar- og forteljarkunst. Inderleg og innlevande gav han historiene liv. Han hadde evne til å leika og gje liv til skikkelsane på ein truverdig måte. Ein annan vinkel enn det som er opplese og vedteke.

Som avslutning fekk me salmen «O, bli hos meg» på ein heilt ny måte. Det var modig å lesa ein så kjent salme, men det var tydeleg at han hadde eit forhold til den. Gjennom ei unik innleving, tongjeving, stemmeleie, og kroppsspråk gav han oss ei fantastisk vakker tolking der han gjekk heilt inn i det djupaste i teksten på ein enkel måte. Ein kunne merka i kyrkjerommet at dette satt, det var stille utan eit knyst.

Eit sterkt møte med ein einestående formidlar og dei vakre tekstane frå Bibelen.

Ordet

Hans Johan Sagrusten

*Gå sakte fram gjennom skrifta
med falda hender frå ord til ord*

*Gjev kvart ord tid til å helse
og signe deg der du går*

*Skrid som ein gamal pave
i katedralen av ord*

*Og kviskre under kvelven
di bøn til den evige Gud*



Foto: Anne Hardeland

Fantastisk konsert

Torsdag 24.september var det duka for ny temakveld .

Eli Simonsen

Bak i kyrkja synte kunstnar Kirsti Willemse tekstile arbeid under tittelen "Kledd i ruin." Ho seier at ho gjennom arbeida sine utforskar forholdet mellom tekst og



Ein flott,varierte konsert med pianisten Rune Alver.

materialitet. Ho inviterte til ein leik med Pianist Rune Alver heldt ein variert og strålende konsert med glimt frå både eldre og nyare klassisk musikk. På programmet sto verk av Edvard Grieg, Harald Sæverud, Geir Tveitt, David Monrad Johansen og Fredric Chopin. Ei stor oppleving!



Kirsti Willemse framfor eit av arbeida sine: "Kledd i ruin"

Foto: Torbjørn Hovland



Foto: Torbjørn Hovland

Diakonimiddag

Etter gudstenesta 1. november inviterer diakoninemnda på middag på seniorsenteret. Påmelding i kundetorget innan 27. oktober.

Teologi om bøn

Hans Johan Sagrausten

*Ver enkel i bøn,
naiv som eit barn
når du ber til din Far
i det løynde*

*Men bed han om alt,
for Alt er hans namn,
han som ser sine born
i det løynde*

*Så har du då alt
i han som er Far.
Ver enkel i bøn
til Den løynde*

Praktfull utstilling av ikon i Losjehuset



I samband med Fitjarfestivalen fekk me sjå ei ny side av teiknaren og målaren Lars Slettebø. Han er kjend for karikaturar i «Sunnhordland» og «Se og Hør», som rettsteiknar i TV2, som teiknelærer og mykje anna.

Torbjørn Hovland

Lars har hatt ein katolsk oppvekst og har seinare gjort studiereiser om ikonmåling i Russland og Kviterussland.

Fredag 7. August kunne ordførar Wenche Tislevoll opne det som må ha vore ein av dei vakraste utstillingar i Fitjar nokonsinne. Ikon er vanlege i den katolske og den ortodokse kyrkja, og kan vise Jesus, Maria, helgenar eller bibelske personar og hendingar.

Uttrykksforma er svært tradisjonsbunden og går i rett linje til tidleg kristen tid. Den gong var mange analfabetar og ikona var viktige illustrasjonar. Eit ikon er aldri gjenstand for tilbeding i seg sjølv, men skal vera eit andeleg fokuseringspunkt og eit vindauge til

det guddommelege. Lars Slettebø fortalde med stor kunnskap om teknikk, dei tradisjonelle materiala som vert nytta og all symbolbruken som er ny for ein vankunnig protestant.



Retning av blikket og hendene, positurar og proporsjonar er med på å fortelje noko sentralt. Kombinert med saksofonspel av Ole Christian Ottestad og diktlesing av Eli Simonsen vart det ei sakral reise i tid og rom.

Og eit varmt og stappfullt losjehus hadde ei stund vindauge mot det guddommelege.

Velkomen til Alpha-kurs!

Lurar du på noko angående den kristne tru?
Har du lyst å vita meir? Då er Alpha-kurs noko
for deg!

Torunn Aarskog

Fitjar sokneråd startar opp nytt Alpha-kurs
Måndag 2. november kl.19.30 i Fitjar bedehus

Første kurskvelden er utan påmelding!

Kom og sjå om dette er kurset for deg!

Tema for kvelden er : "Kven er Jesus?"

Me byrjar med kveldsmat kl. 19.30.

Kl.20.00 - 21.00 vert det song/musikk og
undervisning over kveldens tema.

Dei neste kveldane blir det gruppesamling
før me avrundar samlingane kl. 21.30.

Dei neste kveldane blir tema:

2. samling: Kvifor døydde Jesus, og korleis
kan vi tru?
3. samling: Bøn
4. samling: Bibelen
5. samling: Korleis leiar Gud?
6. samling: Kvifor og korleis fortelja til andre?
7. samling: Kva med kyrkja?
8. samling: Den Heilage Ande

Sokneprest Olav J. Oma og Håkon C. Hartvedt
underviser om desse tema. Kvar deltakar får
kurshefte.




Synes du dette er interessante tema? Ta
sjansen og kom! Meir enn 10 millionar
menneske over heile verda har funne ut at
det er vel verd å gjennomføre eit Alpha-kurs.
Dei aller fleste kyrkjesamfunn i Noreg står bak
Alpha-kursa.

Kurset er gratis, men me tek betaling for mat,
ca. kr. 50 pr. samling.

Er du sjeldan eller ofte innom kyrkje og
bedehus, er du forelder som ynskjer å ha gode
svar til borna dine,
ung eller eldre,
me ynskjer
ALLE velkomen!

Vil du vite meir sjå:
www.alpha.norge.no



Klypp ut:

ALPHA 2015/16

Måndagar kl. 19.30 - 21.30:

2. november, 9. november, 23. november,
11. januar, 25. januar, 1. februar, 8. februar

Laurdag:

20. februar (2 samlingar + mat)



Alpha

Program for bedehusa

STRANDA BEDEHUS

Møte 13.11 blir flytta til 10.11.

FITJAR BEDEHUS

- 11.10. kl. 17.00 Storsamling
Arne Lindekleiv
- 15.-18.10. kl. 19.30 Møter NLM
- 21.10. kl. 19.30 Nattverdmøte
- 24.10. kl. 17.00 Storsamling
Temadag R. og S.D. Ljønes
+ R. Evensen
- 28.10.-01.11. kl. 17.00 Storsamling
Møteveke FIM
Håkon Garvo
- 08.11. kl. 16.00 Storsamling - Jens Tveit
- 15.11. kl. 19.30 Israelsmisjonen
Odd B. Skogestad
- 18.11. kl. 19.30 Nattverdmøte
- 22.11. kl. 17.00 Storsamling
- 28.11. Julemesse Fitjar bedehus
- 06.12. kl. 19.30 Søndagsmøte
Toralf Steinsland
- 20.12. kl. 16.00 Me syng jula inn

Sjå også www.fitjar-bedehus.no

Velkommen til KYRKJEMIDDAG

på Fitjar bedehus

torsdag 29.okt. kl. 16.30 - 17.15

Fitjar vg.skule serverar kjøttkaker!

*Pris: kr. 75,- pr vaksen
og kr. 50,- pr barn (3 år og ut
ungdomsskulen)*

Bindande PÅMELDING til Torunn Aarskog

*Tlf 40404146 innan 22.10.15. Send SMS med
namn og tal på born og vaksne eller skriv
dykk på lista i bedehuset eller i kyrkja.*

ALLE ER VELKOMNE!

Arr. Fitjar sokneråd



22. oktober 19.30

"Midt i livet" -
musikalsk
kjøkkenbordsfilosofi
ved Bodil og Runar
Kvernenes Nørsett



1. november 17.00

"Son of God"
messe for kor,
saksofon, orgel og
dansar med
St.Sunniva og Alfa
Trio



**26. november
19.30**

"Tro og lidelse - er
Gud tilliten verdig"
Torborg Aalen
Leenderts



18. desember 19.30

Julekonsert
Marianne Juvik Sæbø
og
Terje Kleppe



EL-PROFFEN
 www.los-elektro.no
 firmapost@los-elektro.no
 53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80
 Internett: www.mestervindu.no

www.veterinaerslettebo.no



Ring for timebestilling
 53 22 23 30 /
 92 22 31 47

Åpningstider:
 man-tor: 9.00-16.00
 tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



ALTIMEK
 FITJAR
 95871570 HANS

GSE SANDVIK AS
 55 60 18 20



**FITJAR
 Sjø og Camping**

Din Catering leverandør

Telefon:
 41 42 80 38 (Randi)
 E-post:
 fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*
RYDLAND **EURONICS** **tagmøbler**
 lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.
 53 49 73 07
 53 49 73 09 www.rydland.as post@rydland.as

joker
 - Rydland 53 49 74 40

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:
 Man-tys-fre: 9-16
 Ons-tor: 9-18
 Laurdag: 10-14
 Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER
 Mån, tirs, fre: 9-16
 Ons, tors: 9-18
 Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren
 hos oss!*

Treff oss i 2. etg
 i Larsen bygget For timebestilling ring:
53 49 78 90

**AARBØ & KORSVIK
 FORSKALING**

TLF:
 916 46 123



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS
 Vestbøstad - 5419 Fitjar
 90 12 02 81



STEINGARD AS
 Postboks 11, 5418 FITJAR
 Telefon 916 67961

SJØTROLL

Sjøtroll Havbruk AS
 Vestbøstad - 5419 Fitjar
 919 11 800

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
 975 02381



**Engesund
 Fiskeoppdrett**
 Visningsenter
 Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –
REPARASJONAR –
MONTERING.



SLIPP INNTIL 80 FOT

Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar

SPAR



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

VB

VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

Videoen Kiosk



Fitjar
FJORDHOTELL
Tlf. 53 45 77 00

Vågen's kro og catering

48 04 19 09



Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414



AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



Døypete

5. juli:

Emil Dahl Steien
(Døypet – Vemundvik)

19. juli:

Isak Vestbøstad
Noah Breivik Rydland
Pernille Brenne

2. august:

Markus Nesse Vea
Jens Aarbø Solheim

16. august:

Johannes Kloster Berge
Albert Vik

23. august

Anne Dahl Hatlevik
Sannah Maxine Hugøy Åsheim
Nora Taraldlien



Vigde

20. juni:

Michelle Inigo Luba og
Johan Aarre Olsen

01. august:

Ida Christine Jensen og
Rune Aarbø



Jordfeste

Ragnhild Karlsen

*f: 17.03.1933 d: 07.04.2015
bisett frå Holmestrand*

Torbjørge Farestveit

f: 04.04.1917 d: 09.07.2015

Ingebjørg Gloppen

f:19.02.1930 d: 28.07.2015

Klara Nilsen

f:17.07.1931 d: 29.07.2015

Arvid Vestbøstad

f:26.07.1941 d:29.07.2015

Tørris Helland

f:24.11.1921 d:04.08.2015

Tordis Skumsnes

f:26.09.1954 d 13.08.2015

Einar Rydland

f: 19.03.1939 d:17.08.2015

Laurits Ulversøy

f: 12.06.1920 d: 20.08.2015

Nils Andreas Helland

f:14.10.1926 d: 25.08.2015

Frode Pletten

f:30.04.1971 d:31.08.2015

gravferd – Stord

Mikal Hageberg

f: 10.05.1928 d:17.09.2015

Gudstenesteliste:

11.10.	20 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved vikar, Takkoffer: NLA
18.10.	21 sit	11:00	Hovudgudsteneste Hausttakkefest ved Olav J. Oma, Takkoffer: TV-aksjonen Regnskogfondet
22.10.	Torsdag	19:30	Temakveld med Bodil og Runar Kvernenes Nørsett
25.10.	BoB	11:00	Øvrebygda bedehus Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma
01.11.	AH	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
01.11.	Søndag	17:00	Konsert St. Sunniva(kor)
08.11.	24 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved vikar, Takkoffer: Stefanusalliansen
15.11.	25 sit	11:00	Hovudgudsteneste med babysong og småbarnstreff ved Olav J. Oma, Takkoffer: Babysong og småbarnstreff
22.11.	KrKo	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Diakoninemnda
26.11.	Torsdag	19:30	Temakveld: Tro og lidelse - er Gud tilliten verdig?, Torborg Aalen Leenderts
29.11.	1sia	11:00	Hovudgudsteneste Ljosmesse ved Olav J. Oma, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet ungdom
06.12.	2sia	11:00	Hovudgudsteneste LYS VAKEN ved Olav J. Oma, Takkoffer: Indremisjonen Klubben
13.12.	3sia	11:00	Osternes bedehus Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma